

Møteprotokoll

Utval:	Fylkesutvalet
Møtestad:	Videomøte, fjernmøte
Dato:	26.03.2020
Tid:	14:05-18:05

Følgjande faste medlemer møte:

Namn	Funksjon	Reprenter
Jon Askeland	Leiar	Sp
Aleksander Øren Heen	Medlem	Sp
Anne Gine Hestetun	Medlem	A
Arve Helle	Medlem	A
Emil Lennart Pålikoff Gadolin	Medlem	A
Kine Bratli Dale	Medlem	A
Natalia Antonia Golis	Nestleiar	MDG
Marthe Hammer	Medlem	SV
Trude Brosvik	Medlem	KrF
Gunhild Alis Berge Stang	Medlem	V
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Noralv Distad	Medlem	H
Svein Kolbein Halleraker	Medlem	H
Knut Inge Andersen	Medlem	FNB
Morten Klementsens	Medlem	FNB
Terje Søviknes	Medlem	Frp
Sigbjørn Framnes	Medlem	Frp

Følgjande faste medlemer møte:

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann
Ingrid Holm Svendsen	Fylkesdirektør for organisasjon og økonomi
Paal Fosdal	Fylkesdirektør for strategi og digitalisering
Bjørn Lyngedal	Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport
Dina Lefdal	Fylkesdirektør for infrastruktur og veg
Bård Sandal	Fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling
Per Morten Ekerhovd	Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering
Bertil Søfteland	Seksjonsleiar for politisk sekretariat
Ingeborg Strandberg	Rådgjevar, politisk sekretariat /møtesekretær

Sakliste	Innhald	Arkiv-	U.Off
Utvals-		saknr	
saknr			
	Godkjenningssaker		
GK 5/20	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
GK 6/20	Godkjenning av møteprotokoll frå møtet i fylkesutvalet 14.02.2020	2019/65	
	Referatsaker		
RS 14/20	Brev om mulig framskunding av arbeid på fylkesvegnettet	2020/36949	
RS 15/20	Avslag - godkjenning ny vidaregåande skule etter friskolelova	2020/38698	
RS 16/20	Skattlegging av kraftverk - avgjerd frå Regjeringa	2020/41797	
RS 17/20	Årsmelding 2019 - Tusenårsstaden Gulatinget	2020/41439	
RS 18/20	Årsmelding 2019 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) i Hordaland	2019/92	
RS 19/20	Oversikt over politiske saker til planlagt handsaming i 2020	2020/43973	
RS 20/20	Felles retningslinjer for besøk av ungdomsorganisasjonar til vidaregåande skular	2020/40842	
RS 21/20	Fast avløyser for fylkesrådmannen	2020/37544	
RS 22/20	Referat eigarmøte Invest in Bergen og Etablerersenteret 2.mars 2020	2020/236	
RS 23/20	Svar på spørsmål fra Synnøve Solbakken, AP- vedrørende og vegskilt ved E134/ Fv 48 til ferje Utåker/ Kvinnherad.	2020/36319	
RS 24/20	Covid 19 - Status og framtidige utfordringar i perioden 2.mars - 26.mars for å handtere utbrot av koronavirus	2020/45591	
RS 25/20	Høyring - kriteria for fylkeskommunale båtruter i inntektssystemet	2020/39984	
	Skriftlige spørsmål		
SI 7/20	Spørsmål frå Framnes (FrP) - fergesambandet Leirvåg - Sløvåg	2020/36319	
	Politiske saker		
PS 42/20	Konsekvensar av koronaepidemien for næringslivet i Vestland	2020/44637	
PS 43/20	Fylkeskommunale tilskot til kunst og kulturlivet i Vestland - konsekvensar av koronautbrot	2020/44331	
PS 44/20	Mynde for fylkesutvalet til å treffe vedtak i saker som skulle vore avgjort av fylkestinget	2020/44657	
PS 45/20	Fagbrev på jobb	2020/41026	
PS 46/20	Høyring - nye læreplanar i valfag på ungdomstrinnet	2020/40803	
PS 47/20	Høyring av kommunedelplan Florelandet - Brandsøy, Kinn kommune	2020/38693	
PS 48/20	Regionalt bustadbyggeprogram i Bergensområdet	2020/37512	
PS 49/20	Tilskotsordningar i seksjon for plan, klima og folkehelse	2020/43257	
PS 50/20	Søknad om ruteløyve for strekningar i Ullensvang kommune	2019/180	
PS 51/20	Søknad frå Hop On AS, org.nr 923 364 242, om ruteløyve for bussrute i Bergen sentrum	2020/36722	
PS 52/20	Konkurransetsetjing av Rutepakke 3 - Lokalbåtsamband i Gulen og Solund	2020/35690	
PS 53/20	Støtte til Senter mot incest og seksuelle overgrep (SMISO) for driftsåret 2020	2020/42949	
PS 54/20	Planprogram til vassforvaltningsplanane for Rogaland vasregion og Vest - Viken vassregion	2020/42801	
PS 55/20	Oppnemning av statleg styrerepresentant i Carte Blanche	2020/44700	
PS 56/20	Innspel til høyring av forslag til endringar i motorferdslelova og forskrift for bruk av motorkøyretøy i utmark og på islagte vassdrag	2020/41968	
PS 57/20	Strategi for vidare utvikling av hurtigladetilbodet i Vestland fylke	2020/41266	
PS 58/20	Fullmakt til å lyse ut midlar til bedriftsintern opplæring (BIO-midlar)	2020/45092	

Godkjenningssaker

GK 5/20 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i 26.03.2020 - fylkesutvalet

Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar.

GK 6/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møtet i fylkesutvalet 14.02.2020

Saksprotokoll i 26.03.2020 - fylkesutvalet

Møteprotokoll frå møtet i fylkesutvalet 14.02.2020 vart godkjent utan merknadar.

Referatsaker

RS 14/20 Brev om mulig framskunding av arbeid på fylkesvegnettet

Saksprotokoll i 26.03.2020 - fylkesutvalet

RS 14/20 vart referert.

RS 15/20 Avslag - godkjenning ny vidaregåande skule etter friskolelova

Saksprotokoll i 26.03.2020 - fylkesutvalet

RS 15/20 vart referert.

RS 16/20 Skattlegging av kraftverk - avgjerd frå Regjeringa

Saksprotokoll i 26.03.2020 - fylkesutvalet

RS 16/20 vart referert.

RS 17/20 Årsmelding 2019 - Tusenårsstaden Gulatinget

Saksprotokoll i 26.03.2020 - fylkesutvalet

RS 17/20 vart referert.

RS 18/20 Årsmelding 2019 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) i Hordaland

Saksprotokoll i 26.03.2020 - fylkesutvalet

RS 18/20 vart referert.

RS 19/20 Oversikt over politiske saker til planlagt handsaming i 2020

Saksprotokoll i 26.03.2020 - fylkesutvalet

RS 19/20 vart referert.

RS 20/20 Felles retningslinjer for besøk av ungdomsorganisasjonar til vidaregåande skular

Saksprotokoll i 26.03.2020 - fylkesutvalet

RS 20/20 vart referert.

RS 21/20 Fast avløysar for fylkesrådmannen

Saksprotokoll i 26.03.2020 - fylkesutvalet

RS 21/20 vart referert.

RS 22/20 Referat eigarmøte Invest in Bergen og Etablerersenteret 2.mars 2020

Saksprotokoll i 26.03.2020 - fylkesutvalet

RS 22/20 vart referert.

RS 23/20 Svar på spørsmål fra Synnøve Solbakken,AP- vedrørende og vegskilt ved E134/ Fv 48 til ferje Utåker/ Kvinnherad.

Saksprotokoll i 26.03.2020 - fylkesutvalet

RS 23/20 vart referert.

RS 24/20 Covid 19 - Status og framtidige utfordringar i perioden 2.mars - 26.mars for å handtere utbrot av koronavirus

Saksprotokoll i 26.03.2020 - fylkesutvalet

RS 24/20 vart referert.

RS 25/20 Høring - kriteria for fylkeskommunale båtruter i inntektssystemet

Saksprotokoll i 26.03.2020 - fylkesutvalet

RS 25/20 vart referert.

Skriftlige spørsmål

SI 7/20 Spørsmål frå Framnes (FrP) - fergesambandet Leirvåg - Sløvåg

Saksprotokoll i 26.03.2020 - fylkesutvalet

Fylkesordførar gir slikt svar:

«Storfjord» har gått i ferjesambandet Leirvåg-Sløvåg i vel to månader. I denne perioden har det vore svært mange dagar med dårleg vær, der fleire av ferjesambanda langs kysten har innstilt drifta. Både vindstyrken og vindretninga gjer det utfordrande å oppretthalde ønska frekvens.

Ferja «Storfjord» har god maskinutrustning og thrustere i staden for vanleg propell-anlegg. Mannskapet om bord er det same som har betjent ferja «Melderskin», og er soleis eit erfarent mannskap og godt kjend med sambandet. I innkøyringsfasen har det vore naudsynt med tilvenning til ny teknologi, der det er grunn til å tru at denne innkøyringsfasen no er over.

Værproblema dei siste dagane har imidlertid medført innstilte avgangar. Ut frå opplysningar Skyss kjenner til, er ferja meir eigna til betjening av sambandet enn «Melderskin», som gjekk i sambandet fram til årsskiftet. Mannskapet er av den oppfatning at «Melderskin» truleg ville ha hatt enda fleire kansellerte turar enn det som er registrert med bruk av ferja «Storfjord».

Politiske saker

PS 42/20 Konsekvensar av koronaepidemien for næringslivet i Vestland

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune ynskjer å dempe konsekvensane av korona-pandemien med eit sett tiltak med ei samla kostnadsramme på kr 22 100 000 Nokre av tiltaka blir innanfor desse sektorane:
 - a) Reiselivsbransje og beslekta næringer
 - b) Leverandørindustri til olje og gass
 - c) Små- og mellomstore bedrifter og oppstartsbedrifter, styrka gjennom næringshagane og inkubatorane i Vestland fylke.
 - d) Tiltak retta direkte mot bedrifter gjennom avtale med Innovasjon Norge
2. Tiltaka blir finansiert slik:
 - a) Rentemidlar frå kompensasjonsordninga for differensiert arbeidsgivaravgift i perioden 2016 - 2019 kr 12 800 000
 - b) Unytta midlar kompetanseprosjekt, kompensasjonsordninga kr 4 900 000
 - c) Unytta midlar bedriftsretta prosjekt, tildelt Innovasjon Norge under kompensasjonsordninga kr 4 400 000
3. Til vidare oppfølging av prosjekt i kommunane Bømlo, Etne, Kvam og Modalen vert det sett av kr 3 700 000
4. Fylkesutvalet ber fylkesordførar om å etablere «Omstillingsutval for Vestland» . Uvalet vert leia av fylkesordførar og har følgjande samansetning; Utvalsleiar næring, ein rep.frå opposisjonen, leiding frå NHO, LO, NAV, Innovasjon Norge, samt administrativ leiding i fylket.
5. Utvalet får fullmakt til å være styringsgruppe for forvaltning av løyvinga, organisere arbeidet, og målrette bruken av verkemidlane der det er størst behov. Det er viktig at dette arbeidet vert koordinert med dei andre aktørane i verkemiddelapparatet.
6. Fylkesutvalet vil oppmode regjeringa om å setje inn tiltak som tek omsyn til at regionane er ulikt råka av verknadene av korona-viruset.

Saksprotokoll i 26.03.2020 - fylkesutvalet

Fylkesordførar sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Punkt 5

Fylkesrådmannen gjennomfører tiltaka. Ansvar for arbeidet vidare ligg hjå fylkesutvalet. Fylkesordførar og fylkesrådmann held fylkesutvalet løpande orientert, og kallar om nødvendig raskt inn til nytt møte. Fylkesutvalet stør trepartssamarbeidet mellom fylkesordførar, NHO, LO og Nav. Fylkeskommunen tek også ei koordinerande rolle både overfor kommunane og andre. Det er elles føresett at fylkeskommunen spelar ei aktiv rolle saman med IN, KS og alle samarbeidspartar, som kan bidra til å handtera krisa framover.»

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1-3 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 4 fekk ingen røyster og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 5 fekk ingen røyster og fall mot fylkesordførar sitt forslag som vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Vestland fylkeskommune ynskjer å dempe konsekvensane av korona-pandemien med eit sett tiltak med ei samla kostnadsramme på kr 22 100 000 Nokre av tiltaka blir innanfor desse sektorane:

- a) Reiselivsbransje og beslektede næringer
 - b) Leverandørindustri til olje og gass
 - c) Små- og mellomstore bedrifter og oppstartsbedrifter, styrka gjennom næringshagane og inkubatorane i Vestland fylke.
 - d) Tiltak retta direkte mot bedrifter gjennom avtale med Innovasjon Norge
2. Tiltaka blir finansiert slik:
- a) Rentemidlar frå kompensasjonsordninga for differensiert arbeidsgivaravgift i perioden 2016 - 2019 kr 12 800 000
 - b) Unytta midlar kompetanseprosjekt, kompensasjonsordninga kr 4 900 000
 - c) Unytta midlar bedriftsretta prosjekt, tildelt Innovasjon Norge under kompensasjonsordninga kr 4 400 000
3. Til vidare oppfølging av prosjekt i kommunane Bømlo, Etne, Kvam og Modalen vert det sett av kr 3 700 000
4. Fylkesrådmannen gjennomfører tiltaka. Ansvar for arbeidet vidare ligg hjå fylkesutvalet. Fylkesordførar og fylkesrådmann held fylkesutvalet løpande orientert, og kallar om nødvendig raskt inn til nytt møte. Fylkesutvalet støt trepartssamarbeidet mellom fylkesordførar, NHO, LO og Nav. Fylkeskommunen tek også ei koordinerande rolle både overfor kommunane og andre. Det er elles føresett at fylkeskommunen spelar ei aktiv rolle saman med IN, KS og alle samarbeidspartar, som kan bidra til å handtera krisa framover.

PS 43/20 Fylkeskommunale tilskot til kunst og kulturlivet i Vestland - konsekvensar av koronautbrot

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune vil legge til rette for å dempe dei økonomiske og driftsmessige konsekvensane koronautbrotet og styresmaktene sine råd og pålegg har for kultur- og idrettsfeltet.
2. Vestland fylkeskommune opprettheld driftsmidlar løyvd gjennom budsjettvedtak for 2020 til kultur og idrettslivet sjølv om aktiviteten i organisasjonen vert endra og avgrensa som følgje av koronautbrotet og førebyggjande råd og pålegg frå styresmaktene.
3. Vilkår for rapportering vert oppretthaldt som i løyvingbrevet. Fylkesrådmannen kan gje dispensasjon frå vilkåret om rapportering for 2019 innan 01.05. der verksemda ikkje er i stand til å gjennomføre lovleg årsmøte innan fristen. Fylkeskommunen vil og akseptere forenkla årsmøte.
4. Vestland fylkeskommune vil ikkje krevje attende allereie løyvd midlar til tiltak, arrangement og prosjekt som er planlagt i perioden fram til 1. september, sjølv om arrangementet vert endra eller avlyst som følgje av styresmaktene sine råd og pålegg. Det vert sett krav om at alle utgifter er dokumentert i rekneskap og rapport som normalt, jf. vilkår i løyvingbrev.
5. Fylkeskommunen vil gi løyve til å utsette prosjekt, tiltak og arrangement som allereie har motteke tilsegn om tilskot. Tilskotsmottakar må gjere skriftleg greie for dei nye planane, og føremålet må vere i samsvar med opphaveleg søknad.
6. Fylkesrådmannen vil kome attende til hovudutval kultur, idrett og inkludering om omsøkte tilskotsmidlar til prosjekt og tiltak når ein har meir oversikt, både over nasjonale føringar og over søknadsmassen og behovet for midlar.
7. Vestland fylkeskommune betaler ut honorar til utøvarar som har kontrakt for oppdrag som vert avlyste i Den kulturelle skulesekken (DKS), men med atterhald om at programmet eventuelt kan gjennomførast på eit seinare tidspunkt.
8. Inngåtte avtalar med kommunar og kulturaktørar om UKM-festivalane vert honorert etter nærare dialog. Fylkeskommunen tek sikte på å dekke allereie utført arbeid og utgifter med bindande kontraktar med underleverandørar.

Saksprotokoll i 26.03.2020 - fylkesutvalet

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Vestland fylkeskommune vil legge til rette for å dempe dei økonomiske og driftsmessige konsekvensane koronautbrotet og styresmaktene sine råd og pålegg har for kultur- og idrettsfeltet.
2. Vestland fylkeskommune opprettheld driftsmidlar løyvde gjennom budsjettvedtak for 2020 til kultur og idrettslivet sjølv om aktiviteten i organisasjonen vert endra og avgrensa som følgje av koronautbrotet og førebyggjande råd og pålegg frå styresmaktene.
3. Vilkåra for rapportering vert oppretthaldd som i løyvingsbrevet. Fylkesrådmannen kan gje dispensasjon frå vilkåret om rapportering for 2019 innan 01.05. der verksemda ikkje er i stand til å gjennomføre lovleg årsmøte innan fristen. Fylkeskommunen vil og akseptere forenkla årsmøte.
4. Vestland fylkeskommune vil ikkje krevje attende allereie løyvde midlar til tiltak, arrangement og prosjekt som er planlagt i perioden fram til 1. september, sjølv om arrangementet vert endra eller avlyst som følgje av styresmaktene sine råd og pålegg. Det vert sett krav om at alle utgifter er dokumentert i rekneskap og rapport som normalt, jf. vilkår i løyvingsbrev.
5. Fylkeskommunen vil gi løyve til å utsette prosjekt, tiltak og arrangement som allereie har motteke tilsegn om tilskot. Tilskotsmottakar må gjere skriftleg greie for dei nye planane, og føremålet må vere i samsvar med opphavelag søknad.
6. Fylkesrådmannen vil kome attende til hovudutval kultur, idrett og inkludering om omsøkte tilskotsmidlar til prosjekt og tiltak når ein har meir oversikt, både over nasjonale føringar og over søknadsmassen og behovet for midlar.
7. Vestland fylkeskommune betaler ut honorar til utøvarar som har kontrakt for oppdrag som vert avlyste i Den kulturelle skulesekken (DKS), men med atterhald om at programmet eventuelt kan gjennomførast på eit seinare tidspunkt.
8. Inngåtte avtalar med kommunar og kulturaktørar om UKM-festivalane vert honorert etter nærare dialog. Fylkeskommunen tek sikte på å dekke allereie utført arbeid og utgifter med bindande kontraktar med underleverandørar.

PS 44/20 Mynde for fylkesutvalet til å treffe vedtak i saker som skulle vore avgjort av fylkestinget

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet sluttar seg til den orientering som er gjeve om fylkesutvalet sitt mynde til inntil vidare å fatte vedtak i saker som skulle vore avgjort av fylkestinget.
2. Fylkesutvalet nemner opp ein representant frå kvart av partia Raudt og Pensjonistpartiet som midlertidige medlem av fylkesutvalet inntil vidare. Status som midlertidige medlem gjeld berre i saker som skulle vore avgjort av fylkestinget.

Som midlertidig medlem frå partiet Raudt vert vald:

Som midlertidig medlem frå partiet Pensjonistpartiet vert vald:

3. Fylkesutvalet gir fylkesordføraren mynde til å ta avgjerd i saker der det er naudsynt å treffe vedtak så raskt at det ikkje er tid til å kalle inn til (fjern)møte i fylkesutvalet.

Saksprotokoll i 26.03.2020 - fylkesutvalet

Aleksander Øren Heen (Sp) sette på vegner av Sp, A, Sv, KrF, V og MDG fram slikt forslag:

«Alternativ:

Fylkesutvalet ber fylkesordførar kalle inn til fjernmøte (e-post) i fylkestinget snarast for å handsame denne saka.

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere følgjande vedtak:

1. Fylkestinget overfører alle fullmakter til å handtere saker som følgjer av korona-epidemien inn til 1. mai 2020.
2. Fylkestinget gjev grupeleiarane til Raudt og Pensjonistpartiet møte- og talerett i fylkesutvalet i dei saker som skulle vore handsama i fylkestinget.
3. Fylkestinget gir fylkesordføraren mynde til å ta avgjerd i saker der det er naudsynt å treffe vedtak så raskt at det ikkje er tid til å kalle inn til (fjern)møte i fylkesutvalet.
4. Fylkestinget ber administrasjonen forsøke å finn ein løysing for å samle fylkestinget gjennom eit fjernmøte på video for handsaming av saker som til vanleg ville vore avgjort av fylkestinget, t.d. ekstraordinært fylkesting 12. mai for handsaming av NTP.»

Fylkesordførar sette fram slikt forslag:

«Fylkesutvalet trekk saka og ber om ei ny sak til neste fylkesutval.»

Avrøysting til å trekke saken

Fylkesordførar sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag og Heen sitt forslag vart difor ikkje røysta over.

Vedtak

Fylkesutvalet trekk saka og ber om ei ny sak til neste fylkesutval.

PS 45/20 Fagbrev på jobb

Forslag til innstilling

1. Fylkeskommunen gjennomfører godkjente og signerte lærekontraktar om fagbrev på jobb med ein estimert kostnad i 2020 på kr 10.820.000,-
2. Fylkeskommunen vil inntil vidare ikkje godkjenne nye lærekontraktar om fagbrev på jobb.
3. Fylkesrådmannen kjem attende med ei sak hausten 2020 med tilråding til korleis ordninga eventuelt kan innrettast i samband med handsaming av budsjett for 2021.

Saksprotokoll i 10.03.2020 - yrkesopplæringsnemnda

Ann-Kristin Kristoffersen, NHO, sette på vegne av NHO, LO, YS, UNIO, KS, Virke, medlem frå hovudutval for opplæring og kompetanse, medlem frå hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon, konsultativt medlem av opplæringskontor og læringerepresentant fram slikt forslag:
Forslag til vedtak pkt 4:

«Yrkesopplæringsnemnda vil sterkt rå til at tilbodet med «Fagbrev på jobb» vert vidareført. Tilbodet støttar sterkt opp om arbeidslivets behov. Yrkesopplæringsnemnda ber om at det vert teke initiativ overfor dei politiske organ / departementet og andre nødvendige sentrale aktørar med intensjon om å sikre vidare økonomisk grunnlag. Inntil den økonomiske situasjonen er avklart, må Vestland Fylkeskommune undersøke alle moglegeheit for å finansiere ordninga også i 2020 og vidare.

Tilskot til lærebedrift må styrkast for å møte også ordninga «Fagbrev på jobb».

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Kristoffersen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling til hovudutval for opplæring og kompetanse

1. Fylkeskommunen gjennomfører godkjente og signerte lærekontraktar om fagbrev på jobb med ein estimert kostnad i 2020 på kr 10.820.000,-

2. Fylkeskommunen vil inntil vidare ikkje godkjenne nye lærekontraktar om fagbrev på jobb.

3. Fylkesrådmannen kjem attende med ei sak hausten 2020 med tilråding til korleis ordninga eventuelt kan innrettast i samband med handsaming av budsjett for 2021.

4. Yrkesopplæringsnemnda vil sterkt rå til at tilbodet med «Fagbrev på jobb» vert vidareført. Tilbodet støttar sterkt opp om arbeidslivets behov. Yrkesopplæringsnemnda ber om at det vert teke initiativ overfor dei politiske organ / departementet og andre nødvendige sentrale aktørar med intensjon om å sikre vidare økonomisk grunnlag.

Inntil den økonomiske situasjonen er avklart, må Vestland Fylkeskommune undersøke alle moglegeheitar for å finansiere ordninga også i 2020 og vidare.

Tilskot til lærebedrift må styrkast for å møte også ordninga «Fagbrev på jobb».

Saksprotokoll i 10.03.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

Jeanette Syversen, R, sette fram slikt forslag til punkt 2:

«Alternativt forslag punkt 2.

Utvalg for opplæring og kompetanse velger å godkjenne alle innmeldte intensjonsavtaler/søknader pr. 01.02.20, og vil prioritere at det settes av midler til den estimerte kostnad i 2020 på om lag, kr 23.410.000,-. Dette skal ikke gå på bekostning av andre tjenester i opplæringssektoren.»

Emil Gadolin, A, sette på vegner av A, SV, V, SP, MDG, H, R, FrP og FNB fram slikt forslag:

«Alternativt framlegg til helhetlig vedtak:

Hovudutvalg for opplæring og kompetanse er positiv til ordninga med fagbrev på jobb.

«Fagbrev på jobb» er eit viktig virkemiddel i lys av ansvaret for regional kompetansepolitikk, der målet er å sikre ein betre tilgang på kompetent, kvalifisert og relevant arbeidskraft.

Det må tas initiativ overfor dei sentrale myndigheiter for å sikre eit varig økonomisk grunnlag. Tilskot til lærebedrift må styrkast for å møte behovet for «Fagbrev på jobb».

Hovudutval for opplæring og kompetanse ønskjer at fylkeskommunen jobbar vidare med å finne ei løysing for finansiering for 2020. Hovudutvalet ber administrasjonen fram mot behandling av saka i Fylkesutvalet om å greie ut ulike finansieringsmåtar, herunder om det er mogleg å få til eit spleiselag med kommunar/bedrifter og om ein skal prioritere dei bransjane med størst rekrutteringsutfordringar.»

Avrøysting

Syversen sitt forslag fekk ei røyst og fall.

Gadolin sitt forslag vart samrøystes vedteke mot innstillinga.

Innstilling til fylkesutvalet

Hovudutvalg for opplæring og kompetanse er positiv til ordninga med fagbrev på jobb. «Fagbrev på jobb» er eit viktig virkemiddel i lys av ansvaret for regional kompetansepolitikk, der målet er å sikre ein betre tilgang på kompetent, kvalifisert og relevant arbeidskraft.

Det må tas initiativ overfor dei sentrale myndigheiter for å sikre eit varig økonomisk grunnlag.

Tilskot til lærebedrift må styrkast for å møte behovet for «Fagbrev på jobb».

Hovudutval for opplæring og kompetanse ønskjer at fylkeskommunen jobbar vidare med å finne ei løysing for finansiering for 2020. Hovudutvalet ber administrasjonen fram mot behandling av saka i Fylkesutvalet om å greie ut ulike finansieringsmåtar, herunder om det er mogleg å få til eit spleiselag med kommunar/bedrifter og om ein skal prioritere dei bransjane med størst rekrutteringsutfordringar.

Saksprotokoll i 26.03.2020 - fylkesutvalet

Emil Gadolin (A) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Fylkesutvalet meiner «Fagbrev på jobb» er eit viktig verkemiddel i Vestland fylkeskommune sin regionale kompetansepolitikk. Ordninga er god for den einskilde arbeidstakar som ynskjer å byggje formalkompetanse medan han er i jobb, sat for verksemder og offentleg tenesteyting som har eit udekkka kompetansebehov. Vestland fylkeskommune må fortsetja dialogen med sentrale myndigheiter for å sikre varig finansiering av ordninga.
2. Fylkesutvalet ber om at ordninga «Fagbrev på jobb» vert drøfta med partane i arbeidslivet. Ei ytterlegare satsing på denne ordninga må bli vurdert opp mot andre kompetansepolitiske tiltak, spesielt i lys av den alvorlege situasjonen som no er i arbeidsmarknaden. Fylkesrådmann skal koma attende til fylkesutvalet i tertial om finansiering og prioritering av kompetansepolitiske tiltak.
3. Fylkeskommunen gjennomfører godkjende og signerte lærekontraktar om fagbrev på jobb med ein estimert kostnad i 2020 på 10.820.000,-. Fylkeskommunen vil inntil vidare ikkje godkjenne nye lærekontraktar om fagbrev på jobb i påvente av fylkesrådmannen si oppdaterte tilråding.

Avrøysting

Gadolin sitt forslag vart samrøystes vedteke.
Innstillinga vart ikkje røysta over.

Vedtak

1. Fylkesutvalet meiner «Fagbrev på jobb» er eit viktig verkemiddel i Vestland fylkeskommune sin regionale kompetansepolitikk. Ordninga er god for den einskilde arbeidstakar som ynskjer å byggje formalkompetanse medan han er i jobb, sat for verksemder og offentleg tenesteyting som har eit udekkka kompetansebehov. Vestland fylkeskommune må fortsetja dialogen med sentrale myndigheiter for å sikre varig finansiering av ordninga.
2. Fylkesutvalet ber om at ordninga «Fagbrev på jobb» vert drøfta med partane i arbeidslivet. Ei ytterlegare satsing på denne ordninga må bli vurdert opp mot andre kompetansepolitiske tiltak, spesielt i lys av den alvorlege situasjonen som no er i arbeidsmarknaden. Fylkesrådmann skal koma attende til fylkesutvalet i tertial om finansiering og prioritering av kompetansepolitiske tiltak.
3. Fylkeskommunen gjennomfører godkjende og signerte lærekontraktar om fagbrev på jobb med ein estimert kostnad i 2020 på 10.820.000,-. Fylkeskommunen vil inntil vidare ikkje godkjenne nye lærekontraktar om fagbrev på jobb i påvente av fylkesrådmannen si oppdaterte tilråding.

PS 46/20 Høyring - nye læreplanar i valfag på ungdomstrinnet

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet støttar forslag om ny struktur og nye læreplanar i valfaga på ungdomskuletrinnet. Utvalet meiner at forslaget er i tråd med overordna intensjonar i fagfornyninga og at det er positivt at det i dei nye læreplanane er lagt vekt på høg grad av relevans og at elevane i størst mogleg grad skal lære gjennom praktisk utprøving i faga.

Saksprotokoll i 10.03.2020 - hovudutval for opplæring og kompetanse

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet støttar forslag om ny struktur og nye læreplanar i valfaga på ungdomskuletrinnet. Utvalet meiner at forslaget er i tråd med overordna intensjonar i fagfornyninga og at det er positivt at det i dei nye læreplanane er lagt vekt på høg grad av relevans og at elevane i størst mogleg grad skal lære gjennom praktisk utprøving i faga.

Saksprotokoll i 26.03.2020 - fylkesutvalet

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet støttar forslag om ny struktur og nye læreplanar i valfaga på ungdomskuletrinnet. Utvalet meiner at forslaget er i tråd med overordna intensjonar i fagfornyinga og at det er positivt at det i dei nye læreplanane er lagt vekt på høg grad av relevans og at elevane i størst mogleg grad skal lære gjennom praktisk utprøving i faga.

PS 47/20 Høyring av kommunedelplan Florelandet - Brandsøy, Kinn kommune

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet vurderer at kommunedelplan for Florelandet - Brandsøy legg fleire gode føringar for arealbruken, som i hovudsak er i tråd med nasjonale og viktige regionale føringar.
2. Fylkesutvalet meiner at dei nye bustadområda B16, B17 og B21 er i strid med den overordna strategien i planen, og også regionale føringar knytt til samordna bustad- areal og transportplanlegging, og tilrår at desse utbyggingsområda vert teke ut av planen.
3. Fylkesutvalet meiner det er positivt at planen legg opp til fortetting kring tre knutepunkt, og rår til at planen legg føringar som differensierer kva type tenester og funksjonar dei ulike knutepunkta skal ha.
4. Fylkesutvalet tilrår at ein nyttar omsynsone friluftsliv til å sette langsiktige grenser for arealbruken, på ein måte som vernar dei samanhengande natur- og friluftsområda som ligg utanfor dagens etablerte utbyggingsområde.
5. Fylkesutvalet saknar at planen omtalar det bustadsosiale behovet i kommunen og planområdet, og meiner planen bør legg føringar som gjer at kommunen oppnår at alle innbyggjarane i kommunen har ein god bustad.
6. Fylkesutvalet rår til å leggje til rette for infrastruktur for gåande og syklande på begge sider av fv. 445, for å tilpasse infrastrukturen til planlagt fortetting av bustader i området. Vidare rår vi til å leggje inn eit føresegn i planen som sikrar at før nye bustadfelt langs Brandsøyvegen får bruksløyve, skal det vere samanhengande gang - og sykkelveg eller fortau frå Slettevollen vestover mot Florø sentrum.
7. Fylkesutvalet tilrår å inkluderer temaet «bidrag til klimagassutslepp» som eit av vurderingskriteria for nye utbyggingsområde, for å følgje opp ambisjonsnivået når det gjeld å redusere utslepp av klimagassar.
8. Fylkesutvalet tilrår at planen legg tydelege føringar for korleis framtidig forvaltning innanfor planområdet skal bidra til å nå miljømåla for dei vassførekomstane som ikkje har oppnådd målet om god økologisk og kjemisk tilstand.

Saksprotokoll i 26.03.2020 - fylkesutvalet

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1, 3-5 og 7-8 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2 og 6 vart vedteke mot 5 røyster (H, Frp).

Vedtak

1. Fylkesutvalet vurderer at kommunedelplan for Florelandet - Brandsøy legg fleire gode føringar for arealbruken, som i hovudsak er i tråd med nasjonale og viktige regionale føringar.
2. Fylkesutvalet meiner at dei nye bustadområda B16, B17 og B21 er i strid med den overordna strategien i planen, og også regionale føringar knytt til samordna bustad- areal og transportplanlegging, og tilrår at desse utbyggingsområda vert teke ut av planen.
3. Fylkesutvalet meiner det er positivt at planen legg opp til fortetting kring tre knutepunkt, og rår til at planen legg føringar som differensierer kva type tenester og funksjonar dei ulike knutepunkta skal ha.
4. Fylkesutvalet tilrår at ein nyttar omsynsone friluftsliv til å sette langsiktige grenser for arealbruken, på ein måte som vernar dei samanhengande natur- og friluftsområda som

ligg utanfor dagens etablerte utbyggingsområde.

5. Fylkesutvalet saknar at planen omtalar det bustadsosiale behovet i kommunen og planområdet, og meiner planen bør legge føringar som gjer at kommunen oppnår at alle innbygarane i kommunen har ein god bustad.
6. Fylkesutvalet rår til å legge til rette for infrastruktur for gåande og syklande på begge sider av fv. 445, for å tilpasse infrastrukturen til planlagt fortetting av bustader i området. Vidare rår vi til å leggje inn eit føresegn i planen som sikrar at før nye bustadfelt langs Brandsøyvegen får bruksløyve, skal det vere samanhengande gang - og sykkelveg eller fortau frå Slettevollen vestover mot Florø sentrum.
7. Fylkesutvalet tilrår å inkluderer temaet «bidrag til klimagassutslepp» som eit av vurderingskriteria for nye utbyggingsområde, for å følgje opp ambisjonsnivået når det gjeld å redusere utslepp av klimagassar.
8. Fylkesutvalet tilrår at planen legg tydelege føringar for korleis framtidig forvaltning innanfor planområdet skal bidra til å nå miljømåla for dei vassførekomstane som ikkje har oppnådd målet om god økologisk og kjemisk tilstand.

PS 48/20 Regionalt bustadbyggeprogram i Bergensområdet

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet i Vestland gjer med bakgrunn i handlingsprogram for Regional areal- og transportplan for Bergensområdet, vedtak om å opprette ei politisk referansegruppe for arbeidet med Regionalt bustadprogram.

2. Referansegruppa skal ha leiar og eit medlem frå fylkeskommunen, og medlemmer frå programkommunane. Fylkesutvalet har mynde til å utnemne leiar og fast representant i referansegruppa, og følgjande vert valde;

leiar:

medlem:

3. Fylkesutvalet ber om at leiar i referansegruppa inviterer til representasjon frå kommunane med ein polititar frå kvar av dei deltakande kommunane.

Saksprotokoll i 26.03.2020 - fylkesutvalet

Fylkesordførar sette fram slikt forslag til utsetjing:

«Saken vert utsett til neste møte.»

Avrøysting til utsetjing

Fylkesordførar sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vert utsett til neste møte.

PS 49/20 Tilskotsordningar i seksjon for plan, klima og folkehelse

Forslag til vedtak

1. Fylkesutvalet vedtek "Tilskotsordningar - Klimaomstilling" slik det ligg føre, jf. vedlegg 1.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele inntil 2 600 000 kr til «Tilskotsordningar - Klimaomstilling», i tråd med føringane for tilskotsordninga. Tildeling over 200 000 kr vert handsama politisk.
3. Fylkesutvalet vedtek "Tilskotsordning - Folkehelsearbeid" slik det ligg føre, jf. vedlegg 2.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele inntil 4 300 000 kr til tilskotsordninga "Tilskotsordning - Folkehelsearbeid", i tråd med føringane for tilskotsordninga. Fylkesrådmannen får fullmakt til å omprioritere ubrukne midlar innanfor fagområdet folkehelse dersom ikkje alle kommunane søker på ordninga
5. Fylkesutvalet vedtek "Tilskotsordning - By- og stadutvikling" slik det ligg føre, jf. vedlegg 3.
6. Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele inntil 3 800 000 kr til tilskotsordninga

«Tilskotsordning by- og stadutvikling», i tråd med føringane for tilskotsordninga. Tildeling over 400 000 kr vert handsama politisk.

7. Fylkesutvalet får lagt fram orientering om tildelingane etter siste utdeling av tilskot.

Saksprotokoll i 26.03.2020 - fylkesutvalet

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet vedtek "Tilskotsordningar - Klimaomstilling" slik det ligg føre, jf. vedlegg 1.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele inntil 2 600 000 kr til «Tilskotsordningar - Klimaomstilling», i tråd med føringane for tilskotsordninga. Tildeling over 200 000 kr vert handsama politisk.
3. Fylkesutvalet vedtek "Tilskotsordning - Folkehelsearbeid" slik det ligg føre, jf. vedlegg 2.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele inntil 4 300 000 kr til tilskotsordninga "Tilskotsordning - Folkehelsearbeid", i tråd med føringane for tilskotsordninga. Fylkesrådmannen får fullmakt til å omprioritere ubrukte midlar innanfor fagområdet folkehelse dersom ikkje alle kommunane søker på ordninga
5. Fylkesutvalet vedtek "Tilskotsordning - By- og stadutvikling" slik det ligg føre, jf. vedlegg 3.
6. Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele inntil 3 800 000 kr til tilskotsordninga «Tilskotsordning by- og stadutvikling», i tråd med føringane for tilskotsordninga. Tildeling over 400 000 kr vert handsama politisk.
7. Fylkesutvalet får lagt fram orientering om tildelingane etter siste utdeling av tilskot.

PS 50/20 Søknad om ruteløyve for strekningar i Ullensvang kommune

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet godkjenner søknad frå Jan Kjetil Vikane, org.nr 938 626 367, om ruteløyve for strekningane Lofthus - Kinsarvik - Røte og Kinsarvik - Skjeggedal.
2. Fylkesutvalet set som vilkår for punkt 1 at alle passasjerar med rutene skal ha av- eller påstiging på Røte eller i Skjeggedal.
3. Fylkesutvalet set som vilkår for punkt 1 at ruta skal kunne nyttast av passasjerar i rullestol.
4. Fylkesutvalet oppmodar til at det vert nytta mest mogleg miljøvenleg materiell i rutedrifta av ruteløyvet i punkt 1.

Saksprotokoll i 13.02.2020 - hovudutval for samferdsel og mobilitet

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet godkjenner søknad frå Jan Kjetil Vikane, org.nr 938 626 367, om ruteløyve for strekningane Lofthus - Kinsarvik - Røte og Kinsarvik - Skjeggedal.
2. Fylkesutvalet set som vilkår for punkt 1 at alle passasjerar med rutene skal ha av- eller påstiging på Røte eller i Skjeggedal.
3. Fylkesutvalet set som vilkår for punkt 1 at ruta skal kunne nyttast av passasjerar i rullestol.
4. Fylkesutvalet oppmodar til at det vert nytta mest mogleg miljøvenleg materiell i rutedrifta av ruteløyvet i punkt 1.

Saksprotokoll i 26.03.2020 - fylkesutvalet

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet godkjenner søknad frå Jan Kjetil Vikane, org.nr 938 626 367, om ruteløyve for strekningane Lofthus - Kinsarvik - Røte og Kinsarvik - Skjeggedal.
2. Fylkesutvalet set som vilkår for punkt 1 at alle passasjerar med rutene skal ha av- eller påstiging på Røte eller i Skjeggedal.
3. Fylkesutvalet set som vilkår for punkt 1 at ruta skal kunne nyttast av passasjerar i rullestol.
4. Fylkesutvalet oppmodar til at det vert nytta mest mogleg miljøvenleg materiell i rutedrifta av ruteløyvet i punkt 1.

PS 51/20 Søknad frå Hop On AS, org.nr 923 364 242, om ruteløyve for bussrute i Bergen sentrum

Forslag til innstilling

Søknad frå Hop On AS, org.nr 923 364 242, om ruteløyve for bussrute i Bergen sentrum vert ikkje imøtekomen.

Saksprotokoll i 13.02.2020 - hovudutval for samferdsel og mobilitet

Hanne Eva Husebø Kristensen (H) sette på vegner av H og Frp fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Søknad frå Hop On AS, org.nr 923 364 242, om ruteløyve for bussrute i Bergen sentrum, vert imøtekomen.
2. Det vert sett som vilkår for løyvet at det ikkje skal utførast lokal transport.»

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 5 røyster (H og Frp) for Kristensen sitt forslag, som fall.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Søknad frå Hop On AS, org.nr 923 364 242, om ruteløyve for bussrute i Bergen sentrum vert ikkje imøtekomen.

Saksprotokoll i 26.03.2020 - fylkesutvalet

Silja Ekeland Bjørkly (H) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Søknad frå Hop On AS, org.nr 923 364 242, om ruteløyve for bussrute i Bergen sentrum, vert imøtekomen.
2. Det vert sett som vilkår for løyvet at det ikkje skal utførast lokal transport.»

Avrøysting

Innstillinga vart vedteke med 12 røyster (A, Sp, MDG, SV, KrF, V) mot 5 røyster (H, Frp) for Bjørkly sitt forslag som fall.

Vedtak

Søknad frå Hop On AS, org.nr 923 364 242, om ruteløyve for bussrute i Bergen sentrum vert ikkje imøtekomen.

PS 52/20 Konkurransetsetjing av Rutepakke 3 - Lokalbåtsamband i Gulen og Solund

Forslag til innstilling

1. Fylkesrådmannen får fullmakt til å kunngjere konkurranse om drift av lokalbåtsambanda i Gulen og Solund - Rutepakke 3 - i tråd med tilrådingane i saka.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele og signere kontrakt med vinnar av konkurransen.

Saksprotokoll i 11.03.2020 - hovudutval for samferdsel og mobilitet

Trude Brosvik (KrF) sette på vegner av KrF, Sp, A, SV og MDG fram slikt forslag:

«Tillegg til pkt 1:

.....i tråd med tilrådingane i saka. Og følgjande endringar:

Gåvsvær-ruta (pkt d) skal framleis ha krav på kapasitet på 28 passasjerar.
Det skal vere same høve som tidlegare til å fråvike kapasitetskrav (pkt. 2.2 i saksutgreiinga)»

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Brosvik sitt forslag vart vedteke mot 2 røyster (Frp).

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2 vart samrøystes vedteke.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesrådmannen får fullmakt til å kunngjere konkurranse om drift av lokalbåtsambanda i Gulen og Solund - Rutepakke 3 - i tråd med tilrådingane i saka. Og følgjande endringar:

Gåvsvær-ruta (pkt d) skal framleis ha krav på kapasitet på 28 passasjerar.
Det skal vere same høve som tidlegare til å fråvike kapasitetskrav (pkt. 2.2 i saksutgreiinga).

2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele og signere kontrakt med vinnar av konkurransen.

Saksprotokoll i 26.03.2020 - fylkesutvalet

Trude Brosvik (KrF) sette på vegner av KrF, Sp, A, V, SV og MDG fram slikt forslag:

“Alternativ:

Punkt 1.

Fylkesrådmannen får fullmakt til å kunngjere konkurranse om drift av lokalbåtsambanda i Gulen og Solund - Rutepakke 3- i tråd med tilrådingane i saka. Og med følgjande endringar:

a. Krav til redusert storleik på båtane må ikkje føre til dårlegare regularitet i sambanda.

b. Ved forlenga anbudsperiode til 7 år + opsjon vert det stilt krav til universell utforming for rute 14-318 og 14-334. Passasjerar skal kunne kome ombord- og i land ved eiga hjelp, og det skal vere toalett tilpassa rørslehemma.

c. Oppdragsgjevar tillet differensiert passasjersertifikat i trafikksvake periodar, men med krav om at alle passasjerar skal kome med / evt at ein går ekstraturar.

d. For ruta til Gåvsvær og Færøy skal ein ta høgde for lokalt næringsliv sitt behov vedk leirskule på Litle-Færøy og Øyhopping Solund-Askvoll. Dette har vore ei vellukka reiselivssatsing.

Det er ei kommersiell rute i forlenging av ruta til Gåvsvær. Fylkesutvalet ønskjer at anbudsutlysinga skal utformast slik at dette framleis vert mogeleg, men at det blir gjort på ein måte som ikkje er konkurransevridande.

e. Det vert innført ein klimabonus på rute 14-318 og 14-334 dersom det vert gjort tiltak for nullutslepp innanfor anbudsperioden.”

Fylkesordførar sette fram slikt forslag til utsetjing:

«Fylkesutvalet sender saken tilbake til hovudutval for samferdsel og mobilitet for ny handsaming.»

Avrøysting til utsetjing

Fylkesordførar sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesutvalet sender saken tilbake til hovudutval for samferdsel og mobilitet for ny handsaming.

PS 53/20 Støtte til Senter mot incest og seksuelle overgrep (SMISO) for driftsåret 2020

Forslag til vedtak:

Vestland fylkeskommune løyver 130 000 kr i driftsstøtte for 2020 til Senter mot incest og seksuelle overgrep, Sogn og Fjordane. Løyvinga vert dekkja av budsjettet til folkehelse under løyvingsnivå til Plan, klima og folkehelse.

Saksprotokoll i 26.03.2020 - fylkesutvalet

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Vestland fylkeskommune løyver 130 000 kr i driftsstøtte for 2020 til Senter mot incest og seksuelle overgrep, Sogn og Fjordane. Løyvinga vert dekkja av budsjettet til folkehelse under løyvingsnivå til Plan, klima og folkehelse.

PS 54/20 Planprogram til vassforvaltningsplanane for Rogaland vasregion og Vest - Viken vassregion

Forslag til vedtak

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slikt vedtak:

Følgjande dokument vert vedtekne i samband med ny vassforvaltningsplan for vassregionane Rogaland og Vest - Viken 2022 -2027:

1. Planprogram for vassforvaltningsplan for Rogaland vassregion 2022 -2027
2. Planprogram for vassforvaltningsplan i Vest - Viken vassregion 2022 -2027

Saksprotokoll i 26.03.2020 - fylkesutvalet

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slikt vedtak:

Følgjande dokument vert vedtekne i samband med ny vassforvaltningsplan for vassregionane Rogaland og Vest - Viken 2022 -2027:

1. Planprogram for vassforvaltningsplan for Rogaland vassregion 2022 -2027
2. Planprogram for vassforvaltningsplan i Vest - Viken vassregion 2022 -2027

PS 55/20 Oppnemning av statleg styrerepresentant i Carte Blanche

Forslag til vedtak

Vestland fylkeskommune innstiller Suzanne Bjørneboe som statleg representant 2020 - 2023 i styret for Carte Blanche As i tillegg til dei allereie føreslegne representantane. valbolken 2019-2023:

Saksprotokoll i 26.03.2020 - fylkesutvalet

Fylkesordførar sette fram slikt forslag til utsetjing:

«Saka vert utsett.»

Avrøysting til utsetjing

Fylkesordførar sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Saka vert utsett.

PS 56/20 Innspel til høyring av forslag til endringar i motorferdslelova og forskrift for bruk av motorkøyretøy i utmark og på islagte vassdrag

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet stør ikkje opp om forslag til endringane i motorferdselslova § 4 a, då ei utviding av prøveordninga med catskiing vil kunne auke omfanget av motorisert ferdslø i utmark. Dette kan vere skadeleg for sårbare artar. Fylkeskommunen er uroa over sum-effektane av auka motorisert ferdslø i utmarka, og viser til Naturmangfaldlova (NML) §9 føre-var-prinsipp og § 10 om samla belastning.

2. Fylkesutvalet meiner omsynet til naturmangfald og trua artar bør vektast høgare enn ønsket om motorferdsle for fiske og fritidsbruk. Dyreliv knytt til små vatn er ekstra sårbare for forstyrringar, og ein bør difor ikkje gjere dei føreslegne endringane i motorferdslelova §6. Fylkeskommunen er uroa over sum-effektane av auka motorisert ferdslø i utmarka, og viser til Naturmangfaldlova (NML) §9 føre-var-prinsipp og § 10 om samla belastning.

3. Fylkesutvalet stiller seg positive til endring i forskrifta § 2 a annet ledd om regulering av bruk av elsykkel i utmark. Endringa vil gje den enkelte kommune større handlingsrom og moglegheit til å tilpasse ferdslø med elsykkel til lokale høve, og kvar i kommunen sine ulike utmarksområde.

Saksprotokoll i 26.03.2020 - fylkesutvalet

Terje Søviknes (Frp) sette fram slikt forslag:

“Alternativ:

1. Fylkesutvalet stør endringar om utviding av prøveordninga med catskiing i motorferdslelova § 4 a.
2. Fylkesutvalet stør endringane i motorferdslelova § 6 om motorisert ferdslø i utmark.
3. Fylkesutvalet stør ikkje endringa i forskrifta § 2 a annet ledd om regulering av elsykkel i utmark.”

Noralv Distad (H) sette fram slikt forslag:

“Alternativ:

Vestland fylkeskommune har ikkje særlege merknader til framlegg om endringar i motorferdsellova, og forskrift for bruk av motorkøyretøy i utmark og på islagde vatn.”

Avrøysting

Søviknes sitt forslag punkt 1 fekk 2 røyster (Frp) og fall.

Søviknes sitt forslag punkt 2 fekk 12 røyster (Sp, H, A, Frp, KrF) og vart vedteke.

Søviknes sitt forslag punkt 3 fekk 2 røyster (Frp) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 og 3 fekk 12 røyster og vart vedteke mot 5 røyster (H, Frp) for Bjørkly sitt forslag.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 2 fekk 5 røyster (FNB, V, SV, MDG) og fall.

Vedtak

1. Fylkesutvalet står ikkje opp om forslag til endringane i motorferdselslova § 4 a, då ei utviding av prøveordninga med catskiing vil kunne auke omfanget av motorisert ferdsle i utmark. Dette kan vere skadeleg for sårbare artar. Fylkeskommunen er uroa over sum-effektane av auka motorisert ferdsle i utmarka, og viser til Naturmangfaldlova (NML) §9 føre-var-prinsipp og § 10 om samla belastning.
2. Fylkesutvalet står endringane i motorferdslelova § 6 om motorisert ferdsle i utmark.
3. Fylkesutvalet stiller seg positive til endring i forskrifta § 2 a annet ledd om regulering av bruk av elsykkel i utmark. Endringa vil gje den enkelte kommune større handlingsrom og moglegheit til å tilpasse ferdsle med elsykkel til lokale høve, og kvar i kommunen sine ulike utmarksområde.

PS 57/20 Strategi for vidare utvikling av hurtigladetilbodet i Vestland fylke

Forslag til innstilling

Vestland fylkeskommune legg følgande strategi til grunn for utvikling av infrastruktur for hurtiglading for nullutslepptransport i fylket:

1. Vestland fylkeskommune skal bidra til å utvikle og oppretthalde eit robust nettverk av hurtigladarar i heile Vestland. Målet for satsinga er at talet elbilar per hurtigladar ikkje skal overstige 150 og at lade plassane skal tilby høg ladeeffekt og vere lokalisert med mindre enn 50 km frå kvarandre.
2. Vestland fylkeskommune skal bidra til utvikling av hurtigladetilbodet i Vestland ved å stimulere til utbygging av lade plassar i område og på strekningar med svakt tilbod og utviding av strategisk viktige lade plassar.
3. Det er eit mål å få plass eit hurtigladetilbod i alle kommunar i Vestland. Lokalisering som gjev tilleggsverdi for handels- og næringslivsinteresser skal prioriterast. Vestland fylkeskommune skal legge til rette for bruk av aktuelle statlege finansieringskjelder, som Klimasats og Merkur-programmet for distriktsbutikkar til føremålet der det er mogleg.
4. I medhald av Yrkestransportlova §9, skal fylkeskommunen syte for at ladetilbodet er godt nok til at drosjar får tilgang til naudsynt tilbod i kommunar som er omfatta av fylkeskommunal forskrift om krav til nullutslepp ved drosjekøyring.
5. Vestland fylkeskommune vil prioritere stønad til hurtiglading. Fylkeskommunen støttar ikkje private ladeanlegg, burettslag eller kommunal normallading.
6. Vestland fylkeskommune skal bidra til å etablere ladeinfrastruktur på lufthamnene i Vestland.
7. Vestland fylkeskommune skal bidra til næringsutvikling innan elektriske småbåtar ved å etablere eit hurtigladetilbod. Fylkeskommunen skal skape tilleggsverdi ved å legge til rette for at fritidsbåt og elbil kan nytte den same infrastrukturen.

Saksprotokoll 11.03.2020 - hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Sigrid Brattabø Handegard (SP) sette på på vegner av SP, Ap, KrF, MDG V, SV fram slikt forslag:

«Nytt punkt 8:

Vestland fylkeskommune skal ha fokus på standardisering av ladepunkt for hurtigbåt, ferje og bil i arbeidet med å elektrifisere Vestland.

Avrøysting

Fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling sitt forslag punkt 1-7 vart samrøystes vedteke. Brattabø Handegard sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Vestland fylkeskommune legg følgande strategi til grunn for utvikling av infrastruktur for hurtiglading for nullutslepptransport i fylket:

1. Vestland fylkeskommune skal bidra til å utvikle og oppretthalde eit robust nettverk av hurtigladarar i heile Vestland. Målet for satsinga er at talet elbilar per hurtigladar ikkje skal overstige 150 og at ladeplassarane skal tilby høg ladeeffekt og vere lokalisert med mindre enn 50 km frå kvarandre.
2. Vestland fylkeskommune skal bidra til utvikling av hurtigladetilbodet i Vestland ved å stimulere til utbygging av ladeplassar i område og på strekningar med svakt tilbod og utviding av strategisk viktige ladeplassar.
3. Det er eit mål å få plass eit hurtigladetilbod i alle kommunar i Vestland. Lokalisering som gjev tilleggsverdi for handels- og næringslivsinteresser skal prioriterast. Vestland fylkeskommune skal legge til rette for bruk av aktuelle statlege finansieringskjelder, som Klimasats og Merkur-programmet for distriktsbutikker til føremålet der det er mogleg.
4. I medhald av Yrkestransportlova §9, skal fylkeskommunen syte for at ladetilbodet er godt nok til at drosjar får tilgang til naudsynt tilbod i kommunar som er omfatta av fylkeskommunal forskrift om krav til nullutslepp ved drosjekøyning.
5. Vestland fylkeskommune vil prioritere stønad til hurtiglading. Fylkeskommunen støttar ikkje private ladeanlegg, burettslag eller kommunal normallading.
6. Vestland fylkeskommune skal bidra til å etablere ladeinfrastruktur på lufthamnene i Vestland.
7. Vestland fylkeskommune skal bidra til næringsutvikling innan elektriske småbåtar ved å etablere eit hurtigladetilbod. Fylkeskommunen skal skape tilleggsverdi ved å legge til rette for at fritidsbåt og elbil kan nytte den same infrastrukturen.
8. Vestland fylkeskommune skal ha fokus på standardisering av ladepunkt for hurtigbåt, ferje og bil i arbeidet med å elektrifisere Vestland

Saksprotokoll i 26.03.2020 - fylkesutvalet

Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Vestland fylkeskommune legg følgjande strategi til grunn for utvikling av infrastruktur for hurtiglading for nullutslepptransport i fylket:

1. Vestland fylkeskommune skal bidra til å utvikle og oppretthalde eit robust nettverk av hurtigladarar i heile Vestland. Målet for satsinga er at talet elbilar per hurtigladar ikkje skal overstige 150 og at ladeplassarane skal tilby høg ladeeffekt og vere lokalisert med mindre enn 50 km frå kvarandre.
2. Vestland fylkeskommune skal bidra til utvikling av hurtigladetilbodet i Vestland ved å stimulere til utbygging av ladeplassar i område og på strekningar med svakt tilbod og utviding av strategisk viktige ladeplassar.
3. Det er eit mål å få plass eit hurtigladetilbod i alle kommunar i Vestland. Lokalisering som gjev tilleggsverdi for handels- og næringslivsinteresser skal prioriterast. Vestland fylkeskommune skal legge til rette for bruk av aktuelle statlege finansieringskjelder, som Klimasats og Merkur-programmet for distriktsbutikker til føremålet der det er mogleg.
4. I medhald av Yrkestransportlova §9, skal fylkeskommunen syte for at ladetilbodet er godt nok til at drosjar får tilgang til naudsynt tilbod i kommunar som er omfatta av fylkeskommunal forskrift om krav til nullutslepp ved drosjekøyning.
5. Vestland fylkeskommune vil prioritere stønad til hurtiglading. Fylkeskommunen støttar ikkje private ladeanlegg, burettslag eller kommunal normallading.
6. Vestland fylkeskommune skal bidra til å etablere ladeinfrastruktur på lufthamnene i Vestland.
7. Vestland fylkeskommune skal bidra til næringsutvikling innan elektriske småbåtar ved å etablere eit hurtigladetilbod. Fylkeskommunen skal skape tilleggsverdi ved å legge til rette for at fritidsbåt og elbil kan nytte den same infrastrukturen.
8. Vestland fylkeskommune skal ha fokus på standardisering av ladepunkt for hurtigbåt, ferje og bil i arbeidet med å elektrifisere Vestland

PS 58/20 Fullmakt til å lyse ut midlar til bedriftsintern opplæring (BIO-midlar)

Forslag til vedtak

1. For å imøtekomme dei akutte behova i næringslivet, får fylkesrådmannen fullmakt til å lyse ut 5 millionar kroner til bedriftsintern opplæring. Dette er ekstra midlar tilført Vestland fylke for å finansiere tiltak til bedrifter med låg aktivitet som følgje av Covid-19 viruset og oljeprisfallet.
2. Midlane kan ikkje nyttast til ordinær opplæring av dei tilsette, men skal nyttast til opplæringstiltak i samband med omstillingsprosessar eller tilpassing til ein ny marknadssituasjon.
3. Handsaming av søknadene skal følgje retningslinene som ligg i saka.
4. Ramma for ein permanent modell for forvaltning av BIO-midlane i Vestland vert seinare lagt fram for fylkesutvalet basert på innspel frå næringslivet og erfaringane frå den første utlysingsrunden.

Saksprotokoll i 26.03.2020 - fylkesutvalet

Svein Halleraker (H) sette fram slikt forslag:

«Tillegg

Punkt 5

Vestland Fylkeskommune skal søke å benytte seg av de regionale virkemiddelapparatene for å sikre best mulig tilpasning og effekt lokalt.»

Kine Bratli Dale (A) sette fram slikt forslag:

«Endring

Punkt 1.

Summen endres fra 5 millioner til 11,4 millioner.»

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 fekk ingen røyster og fall mot Dale sitt forslag som vart samrøystes vedteke.

Innstillinga punkt 2-4 vart samrøystes vedteke.

Halleraker sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. For å imøtekomme dei akutte behova i næringslivet, får fylkesrådmannen fullmakt til å lyse ut 11,4 millionar kroner til bedriftsintern opplæring. Dette er ekstra midlar tilført Vestland fylke for å finansiere tiltak til bedrifter med låg aktivitet som følgje av Covid-19 viruset og oljeprisfallet.
2. Midlane kan ikkje nyttast til ordinær opplæring av dei tilsette, men skal nyttast til opplæringstiltak i samband med omstillingsprosessar eller tilpassing til ein ny marknadssituasjon.
3. Handsaming av søknadene skal følgje retningslinene som ligg i saka.
4. Ramma for ein permanent modell for forvaltning av BIO-midlane i Vestland vert seinare lagt fram for fylkesutvalet basert på innspel frå næringslivet og erfaringane frå den første utlysingsrunden.
5. Vestland Fylkeskommune skal søke å benytte seg av de regionale virkemiddelapparatene for å sikre best mulig tilpasning og effekt lokalt